

Fra: "Sølsnæs, Eyvin" <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 17. september 2024 10.03.21
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Tilbakemelding på detaljplan for Fardalselvi kraftverk i Sogndal kommune -
dykkar sak 202318635

Heil!

Vi beklagar at vi, på grunn av fråvær og stort arbeidspress, ikkje rakk å svare på denne høyringssaka innan fristen. Vi vil likevel sende ei kortfatta tilbakemelding, etter at vi no har fått sett gjennom detaljplanen.

Vi ser at føringar i konsesjonen er følgde opp i detaljplanen, mellom anna når det gjeld ivaretaking av styva alm og ask, og handtering av deponert avfall i røyrгатетraséen.

Det bør støypast ei hekkehülle for fossefall i kraftverksavløpet, då dette har gitt godt resultat ved andre vasskraftutbyggingar dei seinare åra. Eit slikt enkelt og praktisk tiltak i byggjefasen, vil redusere behovet for å påleggje kraftverkseigar å gjennomføre avbøtande tiltak i driftsfasen.

Vi legg vil til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Vi viser elles til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

Utover dette har vi ikkje merknader til detaljplanen.

Med venleg helsing

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar



Statsforvalteren i Vestland

57 64 31 35

Telefon: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

E-post: <https://ddec1-0-en->

Web: [ctp.trendmicro.com:443/wis/clicktime/v1/query?url=www.statsforvalteren.no%2fvl&umid=14037fae-008b-4b08-a1d5-db52502133da&auth=327227d0690865f3004c059f9373782ec9a82e27-0754965e4101334680748929a135bea9d93966c1](https://ddec1-0-en-ctp.trendmicro.com:443/wis/clicktime/v1/query?url=www.statsforvalteren.no%2fvl&umid=14037fae-008b-4b08-a1d5-db52502133da&auth=327227d0690865f3004c059f9373782ec9a82e27-0754965e4101334680748929a135bea9d93966c1)